

Alver kommune - Folk ved fjorden

Det viktigaste eit verdiord kan gjera, er å halda det det lovar. Det må ikkje vera svulstig, det må ikkje vera storslege eller skinande eller vera innretta mot berre dei som lukkast i livet. Eit verdiord som slik ikkje tek inn over seg at folk er ulike og opplever verda ulikt, vil ikkje treffa sitt publikum. I verste fall vil det tena meir til provokasjon enn til inspirasjon.

Det finst verdiord som skyt langt over mål, men endå meir finst det verdiord som er platte, inkjeseiande og utan innhald. Ord på tomgang. Me strilar brukar sjeldan store ord, men endå sjeldnare ytrar vi oss utan å ha noko å melda. Det er betre å halda kjeft enn å vera upresis, utflytande eller utydeleg.

Då eg var liten gut, var eg heldig og fekk stundom eta saman med to godt vaksne brør. Han eine var bestefar min, bonde der han var fødd og oppvaksen i Alversund. Bror hans var utflytta akademikar som hadde lært litt om korleis ein fører seg i finare sirklar. Etter at den eldste hadde signa maten, byrja dei å eta på middagsmaten dei hadde fått servert. Begge karane vart fort samde om at maten smakte godt, men dei hadde ulike måtar å uttrykkja det på. Den eldste: «Ja, dette var fantastisk deilig». Broren nikka, før han valde sine eigne ord: «Ja, da va'kje nokon direkte usmak på dette».

Denne ordvekslinga rundt eit middagsbord i Alversund illustrerer poenget mitt. Denne underfundige og kanskje litt forsiktige måten å uttrykkja seg på, er ein del av vår strilske karakter. Når du seier at det ikkje var usmak på maten, så seier du eigentleg at maten var heise god. Samstundes har du halde att sånn reint retorisk, slik at du iallfall har litt å gå på til det neste framifrå måltidet vert servert.

Det finst mange døme på korleis vi strilar underslår heller enn å overdriva, korleis vi held att, sjølv når det er grunn til å ta av. Dette er ein måte å vera på som ligg djupt i vår karakter. Det betyr ikkje at vi ikkje har evne til å lata oss begeistra, men sjølv når vi er begeistra, prøver vi å leggja litt band på oss. Litt fordi det høver seg slik, men litt også, trur eg, fordi vi veit at livet fort kan venda seg mot oss att. At avlinga kan slå feil, at fiskjet kan svikta, at sjukdom og tragedie kan ramma.

Livet er ikkje alltid lett. Livet kan av og til vera både trist og trasig. Det er alltid nokon som har det ilt på ein eller annan måte. Ein kommunes verdiord må ta høgde for dette. Draumar blir ikkje til røyndom for alle, om ordføraren og rådmannen og dei folkevalde aldri så mykje ønskjer det. Blir eit verdiord svulstig eller storslege, misser det si kraft, ja, det kan treffa folk som ein provokasjon.

Eg trur ein står seg på å vera litt smålåten, at ein tek litt atterhald heller enn å lova gull. Det er dumt å prøva å formidla noko som ikkje er sant eller kan bli sant. «Folk ved fjorden», er mitt forslag. Det er enkelt, nøkternt og hundre prosent presist. Me er folket ved fjorden, og når ein tek det i bruk som slagord, så fortel me samstundes at de me er stolte over å vera folket ved fjorden og gjerne vil halda fram med å vera det. At me vil leggja til rette for spreidd busetnad og liv på holmar og nes, i vik og sund. I dette slagordet ligg det ikkje sjølvskryt, ikkje høgrøysta lovnader, ikkje draumar som ikkje let seg oppfylla. Berre ei evig, uangripeleg sanning.

Claus Sellevoll